



# Årsmelding 2021

KFUK-KFUM Ulstein



# KFUK-KFUM Ulstein

KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn. Føremålet til Noregs KFUK-KFUM er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Vi er ein del av YWCA og YMCA – verdas største ungdomsrørsle. Vi hører til KFUK-KFUM Møre og Romsdal, KFUK-KFUM Noreg og KFUK-KFUM-speidarane. Vi samarbeider tett med Ulstein sokn.

KFUK-KFUM Ulstein er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. Basen vår er samlingshuset Fredheim i Ulsteinvik. Ved årsskiftet hadde einingane i KFUK-KFUM Ulstein 346 medlemmer, medan hovudforeininga hadde 78 medlemmer.

## Hovudstyret

### Styremedlemmer

Svein Arne Orvik (2020–2022), leiar  
Line Lervik Aksnes (2020–2022), nestleiar  
Aud Janne Hatlebakk (2020–2022)  
Lars Erling Bjåstad Hovlid (2020–2022)  
Hiljerd Holt Myrene (2021–2023)  
Sunniva Røyset (2021–2023)  
Ole Terje Sukka (2021–2023)

### Varamedlemmer

Henrik Sandstad (2021–2022)  
Tomine Sævik Voldsgård (2021–2022)

### Valnemnda (2021–2022)

Anne Strand Kiperberg  
Odd Arne Vikebakk  
Knut Johan Rønningen

## Helsing frå styret

Det er godt å kunne sjå tilbake på nok eit år med høg aktivitet i KFUK-KFUM Ulstein – trass i at koronapandemien sette arbeidet i einingane på nokre prøver også dette året. Det har vore ei glede å få vere med på å legge til rette for det store arbeidet som alle dei frivillige gjer i einingane.

Styret behandla 42 saker i 2021. I januar, mars og april var styret samla til videomøte, elles kunne styremøta haldast fysisk. I styret er der kontaktpersonar for dei ulike einingane. Informasjon fra kontaktpersonane har vore faste postar på styremøta. Det har gitt styret betre kunnskap om kva utfordringar og moglegheiter gruppene ser i arbeidet sitt.

Styret har arbeidd med korleis ein kan gjere organisasjonstilknytinga til K-gruppene tydelegare og auke oppslutninga om det å vere medlem i organisasjonen. Ulstein sokn inviterte styret til å peike ut ein representant frå KFUK-KFUM til planutvalet for Ulstein nye kyrkje. Hiljerd Holt Myrene vart vald.

Styret løyvde stønad til seks aktive i Ulstein Ten Sing for å dekke delar av deltakeravgifta på Ten Sing-seminar. Styret sende søknad om tilskot frå ordninga Kulturrom, søknaden gjaldt musikkutstyr til øvingsrom på Fredheim. Det kom 22 000 kroner i tilskot, og det er kjøpt inn nytt bandutstyr for pengane. Styret gav også Ten Sing og husnemnda løyve til å ta ut ein vegg for få eit større øvingsrom.

## Husnemnda

Lidbjørn Vattøy (2021–2023)  
Jostein Kiperberg (2021–2023)  
Sigbjørn Halle (2021–2023)  
Margaret Vikebakk (2021–2022)  
Astrid Hjellegjerde Viseth (2021–2022)  
Evy Vattøy (utleige av Fredheim, 2021–2023)

### Kasserar (2021–2022)

Arnfinn Hanstad

### Revisor (2021–2022)

Harald Nordahl

Valperiodane står i parentes.

Årsmøtet i 2021 var først planlagt til 16. februar, men vart utsett til 16. mars pga. koronasituasjonen. Det låg ikkje føre framlegg til styreleiar på årsmøtet, og årsmøtet bad styret velje leiar for 2021-2022.

*Svein Arne Orvik*

## Faste arrangement

### Oppstartsgudsteneste

Søndag 5. september var det gudsteneste med markering av semesterstart for KFUK-KFUM Ulstein og Ulstein sokn. Av smittevernomsyn vart gudstenesta flytta til Sjøborg, og berre 200 kunne delta. Det vart ei flott gudsteneste, der fleire av medlemene i KFUK-KFUM Ulstein bidrog.

Etter gudstenesta var det «kyrkjekaffi» i Saunesparken. Her var det ei rekke ulike aktivitetar for både born og vaksne, og det var grilling, is, kaffi og god prat. Veret var godt, og det kom mange tilbakemeldingar frå folk som kosa seg, og som syntest det var kjekt å samlast igjen etter lang tid med smitterestriksjonar.

*Lars Erling Bjåstad Hovlid*



*Gudstenesta var på Sjøborg og «kyrkjekaffien» i Saunesparken.*

### Fredheimbasaren

Fredheimbasaren 2021 vart heller ikkje dette året slik vi er vane med. Tidleg på hausten måtte vi, representanten frå styret og dei to som hadde sagt seg villige til å sitje i basarkomiteen, ta ei

avgjerdslsle om vi kunne gjennomføre basaren slik vi er vane med, med tombola, matsal og samling på kvelden. På grunn av den usikre smittesituasjonen valde vi også i år å gå for lotterisal på bøker.

Etter diskusjon med kasserar Arnfinn Hanstad, sette vi datoene for trekking til siste laurdag i oktober. Kravet for kompensasjon frå staten for tildelingsperioden som dekker det meste av 2021, var at arrangement skulle vere avvikla innan 31. oktober.

Dei to som hadde sagt seg villige til å sitje i basarkomiteen også i år, hadde alt klart frå førre året. Ingun H. Fjørtoft hadde allereie tidleg mange av dei flotte gevinstane klare, og fleire kom til. All ære til den jobben ho gjorde også dette året. Odd Arne Vikebakk hadde malen for loddbøkene elektroniske, så han laga nye og fekk sendt dei ut. Han og underteikna sende melding til dei ulike einigane om korleis dette skulle gjerast. Laurdag 30. oktober vart loddbøkene trekte med hjelp frå Arnfinn og Elfrid Hanstad. Det var nokre utfordringar med bøker som ikkje kom inn tidsnok og enkeltpersonar som hadde vipsa direkte til KM-kontoen. Men med så erfarne folk på plass, vart trekkinga godt avvikla.

Tusen takk til alle som har støtta årets Fredheimbasar!

*Ingun Håheim Fjørtoft, Odd Arne Vikebakk og Aud Janne Hatlebakk*

### **Adventsfesten**

Adventsfesten på Fredheim er ein årleg dagnadsfest for vaksne i alle aldrar. I 2021 vart den halde 4. desember 2021. Etter at vi måtte avlyse adventsfesten i 2020 grunna covid-reglar for arrangement og sosiale samankomster, var det knytt spenning til om vi kunne få arrangere festen dette året. I 2021 var vi heldige og kunne arrangere med inntil 100 personar.

Adventsfesten 2021 hadde totalt 60 påmeldte, og det var stor aldersspreiing mellom festdeltakarane. Festen vart leia av Tobias Hatløy. På programmet var det både soloinnslag, kviss, dikt med både oppbyggande og humørfylt innhald, felles oppvarmingsdans, allsong og eit ord for kvelden.

Til mat hadde vi lammeskank levert frå SUFH. Festen kosta 300 kr, som dekka kostnadane til middag og pynt. Det vart ei god førjulsstund, og eit kjekt møtepunkt mellom ulike generasjoner og venelag. Komiteen for adventsfesten 2021 bestod av Line Lervik Aksnes, Oda Jonette Hofset, Karin Synnøve Kjos Christiansen og Ole Terje Sukka.

*Ole Terje Sukka*

### **Torsdagskveldane på Fredheim**

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, KFUK-KFUM Ulstein og Ulstein NMS. Planleggingskomitéen har i 2021 bestått av Christina Grimstad Brekke og Kamilla Grimstad Hagen for KFUK-KFUM, kateket Bjørn Losvik og kyrkjelydsmedarbeider Ingrid Madli Sæter for Ulstein sokn, Inge Kaldhol for Ulstein NMS.

I eit normalår er det ynskjeleg med tre til fire samlingar per semester. 2021 vart til liks med 2020 eit år prega av mange avlysningar og periodar med nedstenging. Det vart difor berre gjennomført to torsdagskveldsamlingar i 2021, begge i hausteamesteret:

23. september: Temakveld ved Geir Sakseid, misjonskonsulent i Møre bispedøme. Tema: Kyrkja sitt internasjonale engasjement. Gjennomført med 24 frammøtte.

30. september: Foredrag og boklansering ved Helge Simonnes. Tema: «Arven etter Donald Trump – når konspirasjonsteoriar og religiøs retorikk trugar demokratiet». Gjennomført på Ulstein bibliotek med ca. 65 frammøtte.

Vi håper og ber om at 2022 blir eit år der vi får høve til å arrangere fleire temakveldar.

*for komitéen: Bjørn Losvik*

Sjå også omtalen av arrangement under årsmeldingane frå einingane.

## Årsmeldingar frå einingane

KFUK-KFUM Ulstein er velsigna med eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge – og til mange vaksne som har eit viktig nettverk gjennom arbeidet i laget. Store flokkar tek del i speidararbeid, Ten Sing, Tween Sing og heile ni kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

### Ulstein Ten Sing

Ansvarleg vaksenleiar: Ruben Voldsund

Vaksenleiar: Øystein Grimstad Thormodsæter

Styreleiar: Heine Ljones Kulø

Økonomileiar: Merete Håheim (til august), Oddgeir Nygjerde (frå august)

Danseleiar: Aurora Bjerkvik

Filmleiar: Martyna Bender, Hedda Ljones Kulø

Dirigent: Aurora Bjerkvik, Marthe Sandvik Skeide

Bandleiar: Ane Øvreli Solås

Øvrige styremedlemmer: Ragnar Heimland, Andreas Sundgot, Signe Aamodt Støylen, Håvard

Dimmen, Eivind Bjåstad Hovlid (vara)

Betalande medlemmer per 31.12.21: 57



*Ulstein Ten Sing var med då KFUK-KFUM Møre og Romsdal feira 130 år.*

## Aktivitetar

Ulstein Ten Sing har hatt øving fast kvar onsdag kl. 19.00-21.30 på Fredheim i Ulsteinvik. Den første halvtimen er alltid satt av til felles leik. Deretter følger øving med kor og band, ein matpause, info om det som skjer framover, og andakt. Vi plar avslutte kvar øving med å synge velsigninga i lag. Også i 2021 har det vore nokre få avlysningar av øvingar på grunn av covid-19.

I 2021 har vi hatt fleire høgdepunkt. Det årlege vintertreffet skulle eigentleg vere fysisk i Ulsteinvik i likskap med året før, men måtte utsetjast og seinare gjerast digitalt for å få det til å bli noko av. I april var vi dermed vertskap for det første digitale vintertreffet i historia, der fleire av medlemmane i gruppa var med å arrangere og lage TV-sending med studio på Sunnmøre Folkehøgskule.

I juni fikk vi høve til å halde to konserter på Sjøborg kulturhus, etter samfunnet opna i større grad. Over 500 personar fikk med seg vårt over ein times lange show bestående av musikk, dans, drama og film. Etterpå vart det pizzafest som ein del av sommeravslutninga.

I september hadde vi øvingslaurdag med felles videoprosjekt og masse sosialt. I november var vi med på 130-årsmarkeringa til KFUK-KFUM Møre og Romsdal, både på volleyballturnering, middag, Gospel Night og sosialkveld. Dette var kjempekjekt, også fordi vi fekk møte dei andre Ten Sing-gruppene i krinsen.

I desember fekk vi avslutte året med å kore for Atle Pettersen på konserten han hadde i Ulstein kyrkje, berre eit par dagar før det kom nye restriksjonar. Dermed fall juleball og juleavslutning ut også i 2021. Konserten med Atle Pettersen må likevel kunne reknast som ei verdig avslutning på eit elles fantastisk Ten Sing-år!



*Ulstein Ten Sing og Atle Pettersen skapte julestemning i Ulstein kyrkje.*

## *Vurdering av arbeidet*

Til sommaren 2021 gjekk eit dusin av dei eldste medlemmene med viktige roller og funksjonar ut. Medlemstalet sank då betraktleg, og mange var spente på hausten.

Bekymringane var grunnlause, for i løpet av dei to første vekene på hausten hadde 20 nye ansikt vore innom øving! Så godt som alle har meldt seg inn i gruppa og møter fast. Difor ligg medlemstalet framleis og kikar på 60-talet, som igjen gjer at Ulstein Ten Sing framleis er ei av landets største Ten Sing-grupper.

Vi har motteke mykje stønad dette året frå bankar og andre institusjonar. Av dette har vi brukt til å oppgradere nesten alt av bandutstyr. Utstyret som har vore i bruk til no har tent i opptil 15 år, og vi ser difor fram til å kickstarte 2022 med nytt og bedre utstyr!

*styreleiar Heine Ljones Kulø  
vaksenleiar Øystein Grimstad Thormodsæter  
ansvarleg vaksenleiar Ruben Voldsund*

## *Ulstein Tween Sing*

### *Styret i 2021*

Ståle Helvig	leiar
Sissel Helen Hauge	sekretær
Gunnhild Fiskaa Takeda	styremedlem
Siv Marina Flø Grimstad	styremedlem
Lars Erling Bjåstad Hovlid	styremedlem
Trine Sæter	varamedlem
Arnfinn Hanstad	kasserar, men ikkje medlem i styret

Pga. pandemien i Noreg kunne ikkje kora halde årsmøte i 2020, men det gamle styret fekk fullmakt til å gjennomføre val av nye kandidatar i styret. Nytt styre vart konstituert i januar 2021.

Styret har vore samla 2 gonger. Elles har styret drøfta saker undervegs.

### *Leiarar for koret 2021*

Vårsemesteret 2021: Arnt Ole Grimstad, Lars Erling Bjåstad Hovlid, Bjørnar Hovlid og Ståle Helvig

Frå hausten 2021: Anne Marie Sødal og Ståle Helvig

### *Koret har teke del ved desse arrangementa*

14. mars 2021	Gudsteneste på Sjøborg kulturhus
25. april 2021	Gudsteneste i Ulstein kyrkje (gruppe frå Tween Sing)
27. mai 2021	Konsert Holsekerdalen 20
27. mai 2021	Pizza-avslutning med Tween Sing
30. mai 2021	Gudsteneste på Sjøborg kulturhus
24. oktober 2021	Gudsteneste i Ulstein kyrkje. Utdeling av biblar til 5. klasse
29. november 2021	Lys vaken-gudsteneste i Ulstein kyrkje



### Litt meir om arbeidsåret 2021

Ulstein Tween Sing har gjennomført eit kalenderår med «vanleg» øvingsmønster.

Fram til gjenopning av samfunnet i september 2021, har koret stort sett berre opptrødd med song på gudstenester, utanom 27. mai då Ulstein Tween Sing heldt ein konsert i Holsekerdalen 20. For den jobben fekk koret 15 000 kroner av Sparebanken Møre.

Betalande medlemmer arbeidsåret 2020/2021 (betalt og stønads-genererande i 2020): 24

Medlemstalet for kora 2021/2022 ser ut til å bli om lag det same.

Årskontingenten for kora 2020/21: 200 kroner

Vi vil rette ein stor takk til Arnt Ole, Lars Erling, Bjørnar, Anne Marie og Ståle for den flotte jobben dei gjer for og med borna og ungdomane våre.

*for styret: Ståle Helvig (leiar)*

### Ulstein KFUK-KFUM-speidara

Gruppeleiarar: Christfried Kaul, Tord Aksnes

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene: Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse), vandrarjenter (5.-10. klasse), vandrargutar (5.- 10. klasse) og roverar (vidaregåande).

Ved utgangen av året hadde vi hatt 180 medlemmar inkl. leiarar. Nedgangen på ca. 30 skyldast i stor grad ei opprydding i medlemsdatabasen.

Dei ulike patruljene har møte om lag annakvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange grupper har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging, kunnskap om naturen, men også personleg utvikling og samarbeid i gruppe.



*Patrulja Gaupe tek sats på sommernattstur mellom Kvitneset og Flø.*

På grunn av koronasituasjonen har nokre patruljer hatt litt færre møter en vanleg. Det er framleis mange stifinnarar og her treng ein at foreldre hjelper litt til på møtene.

Følgjande patruljer hadde vi ved utgangen av 2021:

- Stifinnar gutter f. 2012-2013: Tord Aksnes
- Vandrar gutter f 2011 (fjellrev): Kristian Osnes
- Vandrar gutter f 2010 (Røyskatt): Odd Egil Holta
- Vandrar gutter f 2009 (Hoggorm): Olve Brandal
- Vandrar gutter f 2008 (Ulv): Lars Erling Bjåstad Hovlid
- Vandrar gutter f: 2005-2006 (Gaupe): Christfried Kaul
- Stifinnar jenter f. 2012-2013: Liv Astrid Langnes
- Vandrar jenter f: 2011 (Falk): Silje Kiperberg
- Vandrar jenter f: 2010 (Mink): Elisabeth Kirkengen Hovlid
- Vandrar jenter f: 2009 (Blårev): Erlend A. Havaag
- Vandrar jenter f 2008 (Ilsbjørn). Birgitte Øvrelid

Roverkonge: Johannes Kaul

Turleiar: Torstein Vattøy

Styret: Kristian Osnes, Tonje Øyehaug Ruud, Tord Aksnes, Johannes Kaul

Speiding er ein av dei aktivitetane som kunne gjennomførast nesten heile tida under koronapandemien og oppslutninga er framleis imponerande med nokre fleire medlemar enn året før, men det blei litt færre turar for heile gruppa enn til vanleg.

Mest sakna vi Hatløya-turen som for andre gong på råd måtte bli avlyst. Det var veldig godt oppmøte på turen til Nessetelva. Juleleirbål hadde vi på uteområdet på SUFH. Det var rekordmange Peffarar – sju stykk – som vi klarte å sende til haustens peff-kurs. 17. mai-cafe og tombolasal på hausten blei det ikkje noko av i 2021 heller.

Nye rovarar har blitt tatt opp og på hausten blei også sniking, speidergudsteneste og kalendersalet avvikla som vanleg.

Parallelt med juleleirbål arrangerte vi eit foreldremøte for å informere om speiding generelt, om landsleiren Gnist 2022, og vi planta tanken om å danne eit foreldrelag igjen som hjelper med sjauing før og etter landsleir og som arrangerer 17. mai-café igjen.

Hausten 2021 arrangerte vi også eit leiarmøte på Kjeldsund, der Lina Myrene frå sentralstyret fortalte litt om sentrale satsingar, det blei god mat og ein fin kveld å samle seg igjen for haustsemesteret.

Økonomien er stabil. Utføring av det planlagde arbeidet på speidarhytta gjenstår framleis.

*Christfried Kaul*

### Kvinnegruppene

I KFUK-KFUM Ulstein er det ni kvinnegrupper: Forbundsringen og åtte K-grupper. Til saman har gruppene per i dag 85 medlemmer.

Gruppene møtast i heimane, og rullerer på dette. Nokre grupper møtast ein gong i månaden, andre grupper oftare. Innhaldet i samlingane er opp til kvar gruppe, og kan vere samtalekveld, deleveld, temakveld (t.d. med diskusjon rundt ulike tema, evt med ein ekstern gjest/føredragshaldar), andakt, tekstlesing frå Bibelen/andre tekster, turar ut i det fri og meir.

Gruppene er ein viktig del av kyrkja sitt kvinnearbeid, og viktige bidragsytalar til fellesskapet rundt Fredheim, både med dugnadsarbeid og kyrkjekaffi, samt gjennom økonomiske bidrag. Nokre grupper samlar inn pengar til misjonsprosjekt. Ein gong i året har vi ei felles samling for alle gruppene i Ulstein og Hareid.

### *Oversikt over gruppene*

Gruppe	leiari/kontaktperson	medlemmer
K-gr. 1	Gunn Randi Solstad	10
K-gr. 2	Elfrid Kleven Hanstad	12
K-gr. 3	Gry Nordal	8
K-gr. 4	Solveig Johanne Johnsen Dahl	11
K-gr. 5	Hanne Marte Sukka Grimstad	11
K-gr. 6	Kristine Runde Ulstein	8
K-gr. 7	Sunniva Røyset	8
K-gr. 8	Olaug Vikebakk	9
Forbundsringen	Hilde Petra Brungot	8

*Line Lervik Aksnes*